



# Kyrkjeblad for Lom

Nr. 2 2022

Bøverdalen - Lom - Garmo

81. årgang



## LOM KYRKJEKOMMUNE

Kontortid kvardagar 10:00-14:00  
Besøksadresse: 3. etg. Midtgard  
Postadresse: Postboks 177, 2688 Lom

Leiar Lom kyrkjelege råd  
Bente Sulheim Ovesen, tlf. 979 77 213  
bente@ovesenpost.no

Sokneprest  
Hans J. Sagrusten, tlf. 404 94 871  
hans.johan.sagrusten@lom.kommune.no

Kyrkjeverje  
Anne Kristin Stenersen, tlf 481 65 527  
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjelydssekretær  
Guri Husom, tlf. 481 65 528  
kyrkjekontoret@lom.kommune.no

Kyrkjetenar  
Jonas Fjeld  
Terje Blakarstugun  
Tlf. 400 62 194  
Kyrkjetenar@lom.kommune.no

Organist  
Reidar Svare, tlf 900 32 601  
reidar.svare@lom.kommune.no

Trusopplærar  
Endre Skjåk, tlf. 901 35 738  
Endre.skjak@skjaak.kommune.no

Omvisartenesta  
Tlf. 970 75 397  
Booking.lomstavechurch@lom.kommune.no

Kyrkjebladet  
Konto: 2085 07 11772 (merk "kyrkjeblad")  
Bladpengar pr. år:  
Innanbygds: 150,-  
Utanbygds: 200,-  
Utanlands: 250,-

Redaksjonsgruppe  
Anne Sulheim, Runa Smedsmo, soknepresten,  
kyrkjelydssekretæren og kyrkjeverja

Utforming/sideoppsett  
Rønnaug Nyernes og Guri Husom

Trykk  
Dale-Gudbrands Trykkeri as  
Tlf. 61 27 73 50 Lasse@dg-trykk.no



**HÅP**  
i ein droppe vatn

Gje fleire barn som Alefa reint vatn og ei framtid

For **250 kr** gjev du eit menneske  
varig tilgang til reint vatn

**VIPPS til 2426**  
eller gje til konto 1594 22 87493

Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp 2022

  
**KIRKENS NØDHJELP**  
actalliance



# Presten sine tankar

## Om historiske kjelder

Dei siste åra har eg lese mykje i allmenne historiske kjelder. Eg vil gjerne presentere nokre opplysingar frå desse. Alle er henta frå kjelder som vart skrivne mindre enn 90 år etter at Jesus levde.

### «Kristus» og dei «kristne»

Kjeldene fortel om ei gruppe i Romarriket som blir kalla for «kristne». Namnet har dei frå ein viss «Kristus», som eigentleg heitte Jesus. Denne Kristus lærte folk korleis dei skulle leva, han var kjend som ein vis mann, og kjend for å gjera under.

Han vart dømd til å døy av Pontius Pilatus, medan Tiberius var keisar i Romarriket. Så vart han avretta ved krossfesting, som var den verste straffa som romarane kunne gje. Men trua på Kristus vart ikkje borte. «Ho lever vidare i vår tid», skriv kjeldene. Dei kristne brukar enno å samlast på ein fast dag i veka, fortel dei. Da seier dei fram hymner åt Kristus, «som til ein gud». Og etterpå held dei måltid i lag.

### Frå Judea til Roma

Denne trua starta i Judea, fortel kjeldene våre. Men ho spreidde seg snart heilt til Roma. Minst tre av keisarane i Roma visste om den kristne trua. Ein av dei er keisar Trajan (98–117 e.Kr). I år 111 skreiv han brev til ein av guvernørane sine. Der gjev keisaren råd om kva han skal gjera med dei kristne oppe ved Svartehavet. Det har vorte så mange av dei at guvernøren bør forhøyre dei, skriv han. Men sjølv om dei blir torturerte, vil dei ikkje forbanne Kristus, fortel kjeldene våre. Og dei vil slett ikkje tilbe framfor biletet av keisaren, som kravet var.

Også keisar Nero (54–68 e.Kr) kjende til dei kristne. I år 64 var det så mange kristne i Roma at dei var vel kjende – så kjende at Nero kunne skulde den store bybrannen på dei. Ja, allereie på 40-talet e.Kr. var det mange kristne i Roma, fortel kjeldene, for keisar Claudius (41–54 e.Kr) visste godt om dei. I år 49 skreiv han ut eit påbod: Fordi jødane i byen hadde laga uro om ein viss «Krestus», så måtte alle jødar forlata Roma for ei tid. Dette er òg omtala i nytestamentet (Apg 18,2).

### Fire antikke forfattarar

Alt dette er opplysningar som finst hjå fire antikke forfattarar. Tre av dei er romarar, og den fjerde er jødisk. Det er Plinius den yngre, Tacitus og Svetonius – og den jødiske historikaren Josefus. Alle desse skriv bøkene sine mellom år 94 og 121 e.Kr. Men bøkene inneheld òg opplysningar som er mykje eldre, for eksempel om romerske keisarar attende til 40-talet e.Kr.

Ingen av dei fire forfattarane er kristne. Tvert imot skriv dei med ei viss forakt om kristentrua og kallar henne «ei overtru». Likevel gjev dei eit truverdig bilete av kor mykje romarar flest visste om kristen tru. Dei skriv heller ikkje bøkene sine om dei kristne. Men dei kjem inn på dei kristne – nett fordi dei skriv historie.

### Tretti ulike opplysingar

Hjå desse fire finn vi om lag tretti ulike opplysingar om Jesus og den tidlege kristendomen, slike som dei eg har nemnt ovanfor. Og det interessante er: Ingen av desse opplysingane bryt med det vi kjenner frå Bibelen og tidleg kyrkjehistorie. Tvert imot stadfester dei i store trekk den framstillinga som dei fire evangelia gjev av Jesus.

Vi har difor ikkje berre fire kjelder til kunnskap om Jesus. Vi har minst fire til, som òg er skrivne mindre enn 90 år etter at Jesus levde. Og desse fire er slett ikkje skrivne av tilhengarane hans. For eksempel skriv dei aldri at Jesus har stått opp att frå dei døde – berre at dei kristne trur dette. Likevel stadfester dei i store trekk det biletet av Jesus og dei kristne som nytestamentet gjev oss.

### Ei historisk tru

Kvifor skriv eg om dette? Fordi eg tykkjer det er viktig å få fram at den kristne trua er ei historisk tru. Ho byggjer på historiske fakta som òg kan finnast att i andre kjelder. Jesus er ein historisk person som er omtala i gode kjelder, og livet hans er betre dokumentert enn livet til dei aller fleste menneske frå antikken.





Dei viktigaste kjeldene til livet hans er sjølvsgagt dei fire evangelia som tilhengarane hans skreiv. For dei er nærast livet hans i tid. Men dei kjeldene som motstandarane hans skreiv, er òg viktige. For dei stadfester at dei kristne kjeldene gjev oss eit truverdige bilete av Jesus. Difor kan vi trygt halde fram med å studere dei fire evangelia med eit nysgjerrig og granskande blikk – som historiske kjelder.



*Sokneprest Hans Johan Sagrusten*

---

## Olsok i Lom 29. juli 2022

- Kl. 11.00 Opne hus i Presthaugen
- Kl. 12.00 Hågåhuset på Aukrust. «Johannes apokalypse – ei stemme inn i nåtida?»  
Foredrag ved sokneprest Hans Johan Sagrusten. Iselin Aukrust syng delar av Draumkvedet, vårt store visjonsdikt.
- Kl. 15.00 Vandring til Olavssteinen på Synstnes
- Kl. 16.30 Omvising i Lomskyrkja
- Kl. 18.00 Olsokmesse i Lomskyrkja
- Kl. 19.30 Olsokprogram ved/i Glømsdalsstugu. Tale ved Egil Ulateig. Musikk ved Lom spel- og dansarlag. Diktlesing ved Sigmund Bråtet. Kaffeservering.

Dette er eit samarbeid mellom Lom kyrkjelege råd, Nordgard Aukrust, Uppistugu Synstnes, Gudbrandsdalsmusea og Lom heimbygdslag.






# Nynorsk i kyrkja

Av: Anne Sulheim

Historia om nynorsk i kyrkja i Lom, handlar om:

- klokkar mot prest
- biskop og skuledirektør mot landsmål
- presten meld til påtalemakta



## Pådrivarar

Nynorsken eller landsmålet som det tidlegare vart kalla, hadde på slutten av 1800-talet eit godt fotfeste i Lom. Fleire lomværar hadde gått på folkehøgskulen til Christopher Bruun på Sel og i Gausdal. Her vart dei oppfordra til å skrive landsmål. I 1872 starta Andreas Austlid og Hallvard Ofigsbø friskulen i Lom som bygde på same tankegodset. Elevane som gjekk her, skulle tala morsmålet sitt og skrive landsmål. Austlid skreiv: «... vi held paa og reiser uppatt tungemaalet vaart i skule og kyrkje, te gagn for oss og dei slekter som etter oss skal koma.»<sup>1</sup>

I tillegg var det eit par vestlandslærarar her i bygda som hadde eit stort engasjement for landsmålet. Lærar Hallvard Holm skreiv fleire innlegg i nynorskavisa «Den 17de Mai». Her står det m.a. «Dølerne held godt paa maalet sitt, so dei er maalmenn, um dei lite veit det sjølve.»<sup>2</sup>

## Landsmål i skulen

Innføring av nynorsk i kyrkja heng nøye saman med skifte av målform i skulen. Av den grunn må vi sjå på dette i samanheng. - Alt i 1887 vedtok skulestyret å kjøpe inn den nynorske ABC-boka til Austlid. Men sokneprest Mortensen, som var formann i skulestyret<sup>3</sup>, trenerte saka. Som formann hadde han ansvar for innkjøp av skulebøker, men gjorde det ikkje! Da gjorde heradstyret same vedtaket, og i 1891 tok dei desse bøkene i bruk. Den nynorske ABC-boka var med andre ord i bruk åtte år før det kom vedtak om landsmål i skulane i Lom.

Først i 1899 vart det vedteke at landsmål skulle vera hovudmålet i alle skulekretsane. Lom var fyrste bygda på Austlandet som gjorde eit slik vedtak.<sup>4</sup> Eirik Rudsar var lærar og kyrkjesongar/klokkar i hovudsoknet, og i tillegg hadde han teke over som formann i skulestyret. Vedtaket om landsmål i alle skulane, kom under hans leiing. Men han hadde god støtte frå fleire sentrale personar i bygda. Dessutan heldt dei på førehand «krinsmøte bygda rundt, og det var eit trygt fleirtal for nynorsken», skriv M. Høgåsen.<sup>5</sup>

Da biskop Arnoldus Hille på Hamar fekk høyre om landsmålsvedtaket, skreiv han brev til skuledirektøren. Her kjem det fram at han mislikte vedtaket. I brevet står det: «Landsmaalet ... synes at være lidet [lite] skikket til undervisningssprog i skolerne.» Dette skreiv han trass i at Stortinget i 1892 hadde vedteke at det var opp til skulestyret å bestemme opplæringsmålet i skulen. - Vidare står det i brevet: «Det kan ikke ventes, at presten under konfirmasjonsforberedelsen vil finde sig i, at det benyttes et maal, som han selv ikke kjenner.» Det høyrer nærast ut som biskopen meiner at presten ikkje forstod landsmål eller dialekten her i Lom!

Skuledirektøren skreiv deretter eit brev til skulestyret i Lom. Der står det: «... i detheletaget kan jeg ikke andet end anse det for beklageligt om skolestyret skulle fastholde sine beslutninger.» Vidare hevda han at: «vort almindelige skriftsprog eller bokmaal er ... vort folks kulturspråk.»

Ein indignert Arne Garborg engasjerte seg og skreiv eit avisinnlegg han kalla «Sjælehyrdingar», - om det





å «vera prestar millom eit folk dei «ikke kjender» maalet til.»<sup>6</sup> Bjørnson skreiv òg, men stod på motsett side. «Me lomverar vert nok ikkje mindre glad i maalet vaart, fordi um B.B. er etter os,» skreiv Eiliv Brenna<sup>7</sup> i svar til Bjørnson. Her ser vi at språkstriden i Lom engasjerte folk langt utanfor bygda!

### Strid om Blix-salmane

Neste stridsspørsmål var Blix-salmane. Blix skreiv fleire salmar på nynorsk som kom ut sist på 1800-talet. Desse vart godkjende til bruk saman med dei eldre salmebøkene i dei kyrkjelydane som gjorde vedtak om det. «1901 sende kring 70 husfedrar eit bønnebrev til presten om aa faa avrøysting over Blixsalmane.»<sup>8</sup> Men presten svara ikkje på brevet. Etter purrebrev, melde dei frå til biskopen om dette. Biskopen skreiv attende at ein prest pliktar å lyse til soknemøte når kyrkjelyden ynskjer det.<sup>9</sup> Presten vart informert om dette. Ingenting skjedde. Det var tydeleg at soknepresten trenerte saka. Målmennene i Lom sende så saka til departementet. «Men fraa departementet hev me – som fraa presten – faafengt venta svar,» står det i ein avisartikkel som refererer denne saka.

Men på nyåret i 1903 hadde presten tillyst møte om avstemming over Blix-salmane. Mange hadde møtt fram. Eiliv Brenna fortel: «Ja, messa leid og vart ende og presten gjekk sin vanlege gang ut or kyrkja og rusla heimatt utan å mæle eit ord um røystingi. Der sat aalmugen att med ein lang nase. Kyrkjetenaren sprang so etter og minte han om røystingi. Men nei, noko sovore vart ikkje i dag, let han.»<sup>10</sup> Da vart folk harme, og 12 målmenn melde presten til påtalemakta. I avisartikkelen der vi har henta desse opplysningane, står det at kyrkjedepartementet bad til slutt soknepresten om å søkje avskjed. Om dette er rett, er noko usikkert. Men presten slutta ialfall etter dette. I avisinnlegget står det spissformulert: «Dermed miste danemålet sin fremste vaktpost i Lom.» Statsadvokaten la bort saka mot sokneprest Mortensen på grunn av «bevisets stilling».

### Vedtak om Blix-salmane

Da Mortensen skulle slutte, ynskte lomværane ein prest som kunne forstå målet deira, og som dessutan kunne «tala norsk». I 1903 begynte Theodor Børresen som sokneprest. Han var frå Fåberg, så truleg forstod han dialekten her. Men han var riksmålsmann! Borna hans fekk ikkje gå på skulen i Lom fordi landsmålet var opplæringsmål her. Men trass i dette: «Far og Rudsar var gode venner,» sa sonen til Børresen.<sup>11</sup> – Vidare fortalde han at borna på prestegarden hadde «guvernante» som underviste dei på riksmål, - «pære dansk». Men guvernantene kunne ikkje undervise. «Det ble bare tull. Vi lærte ingen ting,» sa han.

Det ser ut for at Børresen respekterte vedtaka som var gjort i målsaka. Etter ei tid vart det avstemming om Blix-salmane i alle dei tre sokna,

- i Bøverdalen i 1905, (samrøystes vedtak),
- i Lom i 1907, (129 for og 64 mot)
- i Garmo i 1914, (30 for og 1 mot)

Som ein ser, gjekk det ei viss tid etter at Børresen vart sokneprest før det vart gjort formelle vedtak om bruk av Blix-salmane. Ein kan undre seg over det sidan dei stod så hardt på tidlegare. Årsaka veit vi ikkje sikkert. Men kan det vera at dei tok desse salmane i bruk før det var gjort formelle vedtak? – I samband med unionsoppløysinga i 1905 var «Gud signe vårt dyre fedreland» mykje brukt i mange kyrkjer landet rundt. Den vart snart omtala som nasjonalsalmen vår.

### Motstand frå dei som støtta riksmålet

Det er ikkje så enkelt å finne kjelder der synet til dei lokale riksmålsforkjemparane kjem fram. Men vi kjenner til at det ikkje berre var sokneprest Mortensen, biskopen, skuledirektøren og Bjørnson som var mot innføringa av landsmål. På avstemminga i Lom sokn om Blix-salmane ser ein at om lag 1/3 stemte mot. Desse var nok riksmålsforkjemparar. Kommunevalet i 1904 vart gjort til eit språkval av tilhengjarane av riksmål. Landsmålsforkjemparane uttrykte det ironisk: «Nokre danemålsmenn der var, vilde hausten





1904 nytta heradsvalet til å kasta ut norsken,» og «Danemålet skal vera einaste sak på høgrelista.» Valet gav 16 målmenn og 4 andre.<sup>12</sup> Med det resultatet vart det ikkje gjort endringar i målsaka.

## Nynorsk liturgi

I 1922 kom sokneprest Lorentz Smith til Lom. Han var ein engasjert mann som hadde stor sympati for norskdomsrørsla. Smith vart ein nær ven av Olav Aukrust. Han var dessutan med i styret da Lom heimbygdslag kjøpte Aukrustsamlinga. Heimbygdslaget har sidan starten i 1925 arrangert olsokstemna i Lom saman med soknerådet. Olsok 1928 vart det for fyrste gong halde messe i Lomskyrkja på nynorsk. Da var det Vågåpresten som heldt preika. Om Smith ikkje meistra landsmålet sjølv, var han ingen motstandar. Tvert om!

Året etter denne olsokmessa vart nynorsk tekst og altarbok innført i Lomskyrkja. Det same skjedde i 1935 i Bøverdalen, og i Garmo i 1936. - I 1936 fekk Lom for fyrste gong ein prest som kunne tala nynorsk. Det var Gunnar Bondevik. Sidan desse vedtaka vart gjort, har det vore nynorsk liturgi og tekstlesing i kyrkjene her. Men prestane har for det meste brukt sitt naturlege talemål når dei har halde preika.

---

### Kjelder:

<sup>1</sup> Austlid: Salt fraa folkehøgskulen, Olav Nordlis forlag 1926

<sup>2</sup> Den 17de Mai, 31.03.1903.

<sup>3</sup> Fram til 1889 var presten sjølvskriven formann i skulestyret. Men det året kom det ei ny lov som m.a. sa at formannen skulle veljast blant medlemene i skulestyret.

<sup>4</sup> Hovdanprotokollen s. 492

<sup>5</sup> Høgåsen, M. Årbok for Gudbrandsdalen 1948 s. 162

<sup>6</sup> Den 17de Mai, 26.07.1900

<sup>7</sup> Den 17de Mai, 20.11.1900

<sup>8</sup> Den 17de Mai, 08.07.1902, Hallvard Holm.

<sup>9</sup> Lov om menighetsmøte i 1897

<sup>10</sup> Den 17de Mai, 10.01.1903

<sup>11</sup> Harald Børresen, Heim og bygd 1997

<sup>12</sup> Hovdanprotokollen s 640

---

## Orsak!

I førre nummer av kyrkjebladet kom kyrkjelydssekretæren i skade for å gjera ein grov bommert. Under gravferder i Garmo skulle det stått "14.12 Hans Bjørkli f. 1923". Der vart det dessverre ståande namnet på sonen, Einar Bjørkli. Så fort feilen vart oppdaga, ringte eg Einar Bjørkli og orsaka feilen som var gjort. Eg ynskjer å takke han for at han var så raus, og håpar blomane kom fram.

Heretter vert det endring i rutine på korrekturlesinga, i håp om å ikkje gjera same feilen i framtida.

Med audmjuk helsing frå Guri Husom



# Konfirmantar i Lom kyrkjekommune 2022

## Garmo



Hans Erland Kvamme Haugen, Sivert Plassen, Per Brenden og Hans Johan Sagrusten

## Bøverdalen



Terje Blakarstugun, Anna Bøje Kvandalsvoll, Åste Sulheim Viken og Hans Johan Sagrusten



# Konfirmantar i Lom kyrkjekommune 2022

## Lom



1. rad frå venstre: Lars Mallaug, Isabell Svaet, Tea Victoria Svenning Brendemoen og Mikkel Engelbert Øfeldt Marstein.  
2. rad frå venstre: Ivar Kjesbu Sperstad, Simen Ringebo, Jakob Brenna og Hans Johan Sagrusten

## Bibelutdeling 19. juni

Sundag 19. juni hadde vi utemesse i Presthaugen. Vi var heldige med veret og fekk ei fin stund i lag mellom tømmerhusa på inntunet.

Spesielt inviterte var 9-åringane i bygda som fekk utdelt kvar sin teikneseriebibel og fekk høyre forteljinga om Peter som menneskefiskar. Boka inneheld denne og fleire av dei mest kjende historiane frå bibelen og er ein fint fyrste møte med desse tekstene.

Dersom nokon ynskjer boka som ikkje kunne vera til stades denne dagen kan denne hentast på kyrkjekontoret etter avtale.

Etter messa var det kyrkjekaffe og eit kortfatta årsmøte der ein gjekk gjennom årsrapport og rekneskap.





# Fotball-VM med bismak

Av: Hans J. Sagrusten

**Mange gler seg til å sjå på fotball-VM i Qatar i desember. Men meisterskapen kjem i år med ein bismak. For anlegga til VM er bygde under kritikkverdige forhold, og fleire tusen arbeidarar frå fattige land har mist livet under arbeidet.**

Ein ny rapport syner at så mange som 6500 arbeidarar har mist livet under arbeidet med anlegga til fotball-VM i Qatar i desember. Det har med andre ord døydd meir enn ein arbeidar kvar dag sidan 2010, da Qatar fekk i oppdrag å arrangere fotball-VM.

Desse arbeidarane har kome heim i ei kiste, ofte til ein fattig familie i nokre av dei fattigaste landa i Asia, som India, Pakistan, Bangladesh, Nepal eller Indonesia. Mange av dei har arbeidd under slaveliknande forhold, med svært mangelfulle rettar for arbeidarane.

## Eit stort problem

Likevel er problemet endå mykje større enn fotball-VM viser oss. For fotball-VM er berre eitt av mange store byggjeprojekt i Golfstatane. Det verkelege omfanget er mykje, mykje større. Problema med dårlege arbeidsforhold gjeld i alle Golfstatane.

Sidan 1950-talet har talet på innbyggjarar i Golfstatane auka eksplosivt, og talet på framandarbeidarar like eins. I 1950 budde det berre 4 millionar menneske til saman i Qatar, Saudi-Arabia, Kuwait, Bahrain, Oman og Dei sameinte arabiske emirata. I Qatar budde det berre 25 000 menneske.

Så vart det funne olje, og den eventyrlege veksten tok til. I dag er det nærare 60 millionar innbyggjarar i desse landa. Og av desse utgjer framandarbeidarar meir enn halvparten. I Saudi-Arabia er det 10 millionar framandarbeidarar, i Dei sameinte arabiske emirata nesten 9 millionar. I Emirata er heile 87 prosent av innbyggjarane framandarbeidarar. 2,6 millionar av dei kjem frå India.



Burj Khalifa i Dubai er den høgaste bygningen i verda og er 828 meter høg. Han er eit symbol på den eventyrlege rikdomen som er skapt i Golfstatane dei siste tiåra. Midt i denne rikdommen lever millionar av framandarbeidarar.

Foto: Bibelselskapet i Golfen

## 100 000 døde

I mars i år kom den fyrste grundige rapporten som kartla dødsfall mellom framandarbeidarar i Golfstatane: «Deaths of Migrants in the Gulf» (Vital Signs, 2022). Rapporten slår fast at problemet er langt større enn det avsløringane rundt fotball-VM har vist oss: Dei siste ti åra har talet på omkomne





framandarbeidarar i Golfstatane ligge på omkring 10 000 – i året. Det er med andre ord om lag **100 000 arbeidarar** som har døydd over ein 10-årsperiode.

Rapporten syner òg kva arbeidarane har døydd av. Flest er det som har døydd av akutt hjartestans, på grunn av altfor hardt arbeid i altfor sterk varme. Deretter fylgjer dødsfall som fylgje av ulukker, sjølv mord og pustevanskar. I varmen i Qatar er det særleg mange arbeidarar frå Nepal som har døydd.

### **Fattige arbeidarar og rike innbyggjarar**

Mange framandarbeidarar arbeider òg som hushjelper i rike familiar. Mange av desse har svært lite fritid. Ei kvinne kom til ei kristen gudsteneste på julaftan. Ho sa til presten at ho ynskte seg ein bibel. «Kom attende neste helg, så skal eg skaffe ein til deg», sa presten. «Da må det bli til neste år», svara hushjelpa. «For eg har fri berre ein halv dag i året, og det er i dag, på julaftan.»

Sjølv om dette er eit ekstremt eksempel, ser vi eit bilete av eit samfunn der ei stadig aukande gruppe med fattige framandarbeidarar tek seg av det tunge, fysiske arbeidet. Mange av dei er nøydde til å halde fram med dette arbeidet, fordi dei forsørgjer ein fattig familie i heimlandet.

### **Eit spegelbilete?**

Også hjå oss ser vi tendensane til at arbeidsinnvandrarar gjer mykje av det fysiske arbeidet, sjølv om utslaga ikkje er på langt nær så ekstreme som i Golfstatane. Forfattaren Anne Kristin Aasmundtveit skreiv desse tankevekkjande orda etter eit besøk i Golfstatane for nokre år sidan:

*«Tenk deg eit land nyrikt på olje, med fåe innbyggjarar som får gratis skulegang og gratis medisinsk behandling, og har mykje fritid. Som betaler utlendingar for å gjera dei kjedelege jobbane – vaske kontora. drive småbutikkane, stelle i heimane, køyre drosjene, reparere bilane, servere i restaurantane. Vi talar ikkje om Noreg, men om Golflanda. langt unna – og likevel ein spegel.»*

### **Å setja undertrykte fri**

Bibelen har mange sterke ord mot utnytting av menneske, slike som profeten Jesajas ord om den rette typen faste:

*«Nei, dette er fasta eg har valt: å løysa urettferdige lenkjer, sprengja banda i åket, setja undertrykte fri og å bryta kvart åk sund.» (Jes 58,6)*

Lat oss ikkje sjå på fotball-VM utan samstundes å engasjere oss i kampen for fattige arbeidarar verda over. Vi kan gje vår støtte til dei aktørane som arbeider for betra forhold blant framandarbeidarar i Golfstatane, som FN, Amnesty International – eller ein av våre norske hjelpeorganisasjonar.



Lakshmi (t.h.) frå India har vore i Dubai i sju år, medan mannen og dei to døtrene er heime i India. «Eg fekk ikkje med meg bryllaupet åt dotter mi, ikkje fødselen til det fyrste barnebarnet mitt heller», seier ho.

Foto: Bibelselskapet i Golfen





# Tare Teksum syklar for kyrkjeleg kulturarv

Den 13. mai fekk vi vitjing av Tare Teksum i Lomskyrkja. Tare er både høyrsel -og synshemma. I 2010 var han deltakar i den fyrste utgåva av "Ingen grenser" med Lars Monsen. Sidan har han vore med på fleire ekspedisjonar som til dømes "Norge på langs" og "Norge på tvers og til topps".

Denne gongen er "Tare på stavkirketur" der føremålet er å skape interesse for stavkyrkjene og rolla dei har hatt i samfunnsutviklinga frå dei vart bygd og fram til i dag. Han vil løfte fram både den andeleg dimensjonen, men óg peike på kyrkjene som kulturberarar og samlingspunkt i lokalsamfunna. Han peikar på at kyrkjene er tradisjonsberarar av dei rituala som er i bruk og som framleis har ein verdi psykososialt og medmenneskeleg. Prosjektet handlar om å sykle til alle dei 28 stavkyrkjene i Noreg, frå Trondheim i nord (Sverresborg), til Oslo (Bygdøy) og Telemark i sør. Tare har med seg Arne Opdahl på el-tandemsykkel.



Tare brukar fingrane for å bli kjend med utskjeringane i Lomskyrkja.

Bente Sulheim Ovesen og Per Morten Mork frå Lom kyrkjelege råd orienterte om historia og synte dei rundt. Dei sykla vidare i sterk motvind til Ringebu stavkyrkje.

Takk for vitjinga Tare!

Foto: Arne Opdahl

## Flaggstong i Garmo

Flaggstonga ved Garmoskyrkja er i dårleg stand og er teken ned. Ho står på kommunal grunn, men er gjeven av soknerådet i Garmo for vel 40 år sidan. Skulle ho bikke ned og treffe nokon, er det kyrkja sitt ansvar. Eit ansvar vi tek på høgste alvor. Vi håpar å få opp ei ny, kanskje på ein annan plass.



# Samisk utval er oppretta i Hamar

21. februar 2022 hadde samisk utvalg i Hamar bispedømme sitt første møte. Utvalget ønsker å styrke det samiske i et bispedømme der samer har ferdes i mer enn 1000 år.



Samisk utvalg i Hamar bispedømme. Bildet er tatt på oppstartsmøtet 21. februar 2022.

Foran fv. Siv Bakken, Løten og Irene Kvitfjell, Lillehammer. Bak fv. Biskop Solveig, Lars Ivar Danielsen, Svahken sijte og rådgiver Gunnhild Hauge Bjørdal ved Hamar bispedømmekontor. Hanne Moesgaard Skjesol, sokneprest i Biri var ikke tilstede da bildet ble tatt.

Foto: Jorun Vang

I 2019 vedtok Kirkemøtet en strategiplan for samisk kirkeliv for årene 2019 – 2027. Et av målene i planen var å etablere samiske utvalg i bispedømmer og menigheter. Slik skal kunnskapen om det samiske blir bedre hos kirkens ansatte og sikre at kirken også når den samiske befolkningen.

Med bakgrunn i dette vedtok Hamar bispedømmeråd å nedsette utvalg. Bispedømmerådet vil at utvalget skal

- Sikre samisk kirkeliv i bispedømmet, med spesielt blikk på Valdres, Sør-Østerdal og Hamar.
- Foreslå tiltak som kan gjennomføres i menighetene, særlig i forbindelse med samisk nasjonaldag og samisk språkuke
- Være møteplass for samisk dialog og utveksling
- Støtte Hamar biskop og Hamar bispedømmeråd i spørsmål knyttet til samisk kirkeliv.

## Markerer med gudstjeneste

Allerede i første møte fikk kirkens representanter ny kunnskap om det samiske i Hamar bispedømme og høre hvordan fornorskningen har påvirket mange med samisk opphav.

Utvalget tok fram flere mulige tiltak som de vil se på videre. Det første som vil skje er gudstjeneste ved fjellalateret på Daniel Mortensens boplass i Elgå i samarbeid med Svahken sijte og Elgå menighet.

Biskop Solveig vil være med i gudstjenesten sammen med prest i sørsamisk område, Einar Bondevik. Velkommen søndag 21. august klokka 12.00 og ta med niste. Arrangøren ordner kirkekaffe.

# Årsmelding 2021

## ORGANISERING

Lom kyrkjelege råd har ni medlemmar.

Leiar: Bente K Sulheim Ovesen  
Nestleiar: Per Morten Mork

Arild Løken

Helge Husom  
Mina Rigmor Marstein  
Oluf Kvålshagen  
Mariann Helstad

Frå kommunen: Arnstein Rusten  
Sokneprest: Hans J. Sagrusten

**Administrasjonsutvalet** har fem medlemmar.

Frå fellesrådet:  
Arild Løken  
Mariann Helstad  
Mina Rigmor Marstein

Frå arbeidstakarane:  
Terje Blakarstugun  
Guri Husom

Lom kyrkjelege råd har i 2021 hatt 7 møter og behandla 37 saker. I tillegg er det sendt ut informasjon på e-post, når vi ikkje kunne ha rådsmøte. Administrasjonsutvalet har hatt 1 møte og behandla budsjettet.

## TILSETTE

Lom kyrkjelege råd har arbeidsgjevaransvaret for dei kyrkjeleg tilsette. Rådet hadde 5 fast tilsette i 2021.

### Faste stillingar:

Kyrkjevevjerje: Ragnhild Rusten Lund i 80% vikariat frå 5.10.2020- 28.02.2021  
Borghild Skarelven slutta i stillinga 15.04.2021  
Anne Kristin Stenersen vart tilsett i 80% fast stilling frå 15.08.2021  
Rådsleiar Bente S. Ovesen har fungert som vikarierende kyrkjevevjerje frå 29.02.-15.08.2021.

Kyrkjelydssekretær: 50% Guri Husom

Organist: Reidar Svare i 75% frå 1.12.2020.

Kyrkjjetenar Lom, Bøverdal og Garmo kyrkje, 100%: Jonas Fjeld

Kyrkjegardsarbeidar, 50%: Terje Blakarstugun

Trusopplærer: Endre Skjåk var tilsett i 50% prosjektstilling i samarbeid med Skjåk frå 01.05.2020.

## OPPGÅVER OG ANSVAR FOR LOM KYRKJELEGE RÅD

Lom kyrkjelege råd skal ivareta administrative og økonomiske oppgåver på vegne av sokna, utarbeide

mål og planer for den kyrkjelege verksemda i kommunen, fremja samarbeid mellom sokneråda og ivareta interessa til sokna i høve til kommunen.

Det kyrkjelege fellesrådet er ansvarleg for:

- a) bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer
- b) anlegg, drift og forvaltning av kyrkjegardar
- c) oppretting og nedlegging av stillingar som blir løna over budsjettet til fellesrådet
- d) syte for drift av kyrkjelyds- og prestekontor
- e) å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring

## RÅDSARBEIDET I 2021

### RESSURSBRUKEN

	Rekneskopen 2021	Budsjett 2021
Driftsinntekter	4 529 325	3 461 366
Driftsutgifter	5 268 457	4 501 928
Finansinntekter	13 150	10 000
Netto driftsresultat	-725 982	-1 030 562
Bruk av avsetningar	1 568 210	1 591 210
Avsetningar	842 228	791 648
Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)	0	-231 000

### FOND

Fond knytt til Lom kyrkjelege råd var pr 31.12.21:

Bundne driftsfond, heile kr	2021	2020
Blomefondet	400 878	368 337
Orgelfond Garmo	350 282	350 282
Kyrkjebladet	22 302	22 302
Hilda og T.T Garmos Legat	7 137	7 127
J. Slettedes Minnefond	22 788	22 758
Tiltak ungdom 2021 (frå DnK)	3 000	0
Tilskot til friviljug innsats (frå Den norske kyrkja)	15 000	0

Ubundne disposisjonsfond	2021	2020
Disposisjonsfondet	1 582 218	1 589 875
Kyrkjegardsfond	100 842	100 842
Vedlikeholde kyrkjer	93 697	93 697
Kateketstilling	175 894	175 894
Vedlikehald kyrkjelydhus Lom	50 000	50 000

## VERKSEMDA I 2021 (2020 i parentes)

Messer og kyrkjelege handlingar

	Lom sokn	Garmo sokn	Bøverdalen sokn
Dåp	20 (11)	1 (3)	1 (4)
Konfirmasjon	18 (12)	4 (3)	2 (4)
Vigsel	3 (4)	0 (0)	3 (0)
Gravferd/urnenedset-ting	12 (15)	4 (8)	4 (5)
Messe søn/heilagdag	26 (18)	12 (12)	13 (12)
Messe utanom søn/hei-lagdag	5 (3)	2 (1)	1 (1)
Kvardagsmesse på hel-seheimen	5 (4)		
Konsertar/musikkarr.	1 (0)	0 (0)	0 (0)

## PREST I LOM

Hans Johan Sagrusten var tilsett som vikarprest frå 1. desember 2020. Han vart tilsett som prest i full stilling og vart vigsla på messe i Lomskyrkja 17. oktober 2021.

Året 2021 vart òg prega av pandemi så vi heldt fram med å strøyme dei fleste messene. Gjennom året har det òg vore arrangert salmekveldar og bibelkveldar på kyrkjelydhuset i Lom. Dei fleste av desse har òg vore strøyma. Stor takk til Hans Johan Sagrusten og Reidar Svare for å førebu og legge til rette for desse kveldane.

## KYRKJENE

### Lomskyrkja:

- Det har lenge vore planlagt å tjærebreie Lomskyrkja, men det har vore utsett pga mangel på milebrent tjære. Men no har vi avtale med Stokk & Stein om å få dette gjort i 2022.

### Garmo:

- Geir Ådne Lindsø sette opp ny kross over inngangen til sakristiet i Garmo. Det er planlagt å halde fram med å med å reparere inngangspartiet i 2022.
- Det vart sett opp blåmåla finerplater bak skurden i altertavla. Dette vart gjort av rådsmedlemmane i Garmo.
- Det vart sett opp minneplate over Olav den Heilage si signingsferd i 1022 på ein stein i nærleiken av Sygard-Brimi sæter.

### Bøverdalen:

- Beising av kyrkjelydhuset i Bøverdalen vart gjort av rådsmedlemmer.
- Taket på kyrkja i Bøverdalen vart utskifta av Jotunheimen Bygg AS.

## Kyrkjegardane og dugnader

Det var godt frammøte på rakedugnad ved alle kyrkjer.

Av omsyn til smittevern la vi også i dette året til rette for lengre dagar på plantedugnadane.

Rådsmedlemmar var til stades heile tida ved alle tre kyrkjer for å passe på, hjelpe til og prate med folk.

Det vart fine dagar med servering av kaffe og biteti.

Det har vore litt reaksjon på noko av plantane og vi tek kontakt for møte med gartneriet for å sjå på kva slags plantar ein ynskjer for neste år.





### **Kyrkjebladet**

Kyrkjebladet gjekk med underskot i 2021. Det vart publisert berre 3 nummer, men planen er å utgje 4 nummer i 2022. Vi som sit i bladredaksjonen legg ned utruleg mykje arbeid på bladet vårt, og tykkjer sjølve vi har lykkast med å få til eit fint blad.

### **Omvisartenesta**

Sommaren 2021 hadde vi 5, dels 6 omvisarar. Vi hadde omtrent same sum i reduserte inntekter i 2021 som vi hadde i 2020 på grunn av korona-restriksjonar. I 2020 fekk vi kompensasjon frå Norsk kulturråd som dekte reduksjonen i billettinntekter. I 2021 hadde Kulturrådet endra kriteria for kompensasjonsordninga si, og vi fekk difor ikkje dekt inntektstapet. Inntektene frå omvisartenesta er ein viktig berebjelke for den daglege drifta og for vedlikehald av kyrkjene våre. I eit gjennomsnitt år som 2019 fekk vi eit netto driftsresultat på kr 1 551 600, men i 2021 var dette kr 915 239,-.

### **Konfirmantarbeidet**

Konfirmasjonstida vart også dette året prega av pandemien. Diverre vart det ikkje korkje Hekta- leir eller tur til Trondheim for årets konfirmantar. Det var semje om å ha konfirmasjon både vår og haust, slik at familiane kunne velje.

Konfirmantane for 2022 vart presentert i Garmo kyrkje 12.09.2021. Dei reiste på tur til Trondheim helga 23.-24.oktober.

### **Trusopplæringa**

Frå mai 2020 vart Endre Skjåk tilsett i ei 50% prosjektstilling for eitt år som trusopplærar. Prosjektstillinga er eit samarbeid med Skjåk kyrkjelege råd. Stillinga er forlenga ut 2022.

Det vart gjennomført baking med 5-åringar og såing med 4-åringar. Det har vore utdelt 4-årsbok og biblar til 9-åringane. Barneklengen var med på Lucia-messa i Lomskyrkja.

### **Diakoni**

Det var konfirmant-jubileum 28.august, for 50-, 60- og 70-års konfirmantar.

Det har vore arrangert salmekveldar og temakveldar i kyrkjelydhuset i Lom, stort sett annakvar veke.

### **KONKLUSJON OG UTFORDRINGAR**

Vi fekk utfordringar både med kyrkjetaket i Bøverdalen og med å finansiere tjærebreiing av Lomskyrkja. Stor takk til Lom kommune og til Riksantikvaren som har gjeve rause tilskot til desse vedlikehaldsoppgåvene.

Vi vonar at omvisertenesta tek seg opp på same nivå som før pandemien noko som har mykje å seie for oppgåvene våre framover.

Det kjennest godt og trygt å vite at vi nå både har sokneprest i full stilling og har fått tilsett kyrkjeverje.

Mai 2022  
Lom Kyrkjelege Råd

Bente Sulheim Ovesen  
Leiar



# Heim og ætt

## Døypte:

### Lom:

13.03 Håkon Øyberg-Øverli  
27.03 Ada Kirkeby Stee  
17.04 Torjus Smedsmo  
01.05 Astrid Lyngved  
05.06 Matheo Eggen Handberg



## Jordfesta:

### Lom:

05.04 Alv Holø f. 1931  
12.04 Jan Magne Rusten f. 1962  
03.05 Bjørg Øyøygard f. 1935  
08.05 Arvid Gjengedal f. 1943 (urnenedsetjing)  
20.05 Erik Normann Kristiansen f. 1951  
24.05 Jon Magne Torkveen f. 1939



### Garmo:

14.12 Hans Bjørkli f. 1923  
08.04 Pål Egil Runningen f.1957  
13.05 Kristen Hjellen f. 1927

# Om kyrkjebladet

Kyrkjeblad for Lom vert sendt ut til alle husstandar i kyrkjekommunen. Bladet kjem ut med 4 nummer i året. Ein gong i året vil de finna girovedlagt for bladpengar, og vi oppmodar alle heimar om å støtte Kyrkjebladet for Bøverdalen, Lom og Garmo.

## Vi ynskjer å seie tusen takk til kvar einskild som støttar bladet!

Vi set og stor pris på at mange utanbygdes buande abonnerer på bladet. Dette året har vi hatt nær 30 adresser på abonnentlista, og vi tek gjerne imot fleire. Kanskje eit gåvetips? Abonnementinformasjon står under kontaktinformasjonen vår på side to. Hugs berre å skrive namnet til den som abonnerer ved innbetaling. Ofte står det berre kontonummeret, og da har vi ikkje høve til å finne ut kven som har betalt, og får ikkje sendt ut bladet.

Det er fleire som har kome med attendemelding om at dei ikkje får kyrkjebladet i postkassa. Vi har varsla distributøren av bladet, og håpar dette rettar seg.

## Lom kyrkjekommune på Vipps:

Ofring ved messer: 132954  
Blomefondet: 533520

Dersom du ynskjer å stå på lista til blomefondet ved gravferder, lyt du ringe til banken. Dei trekkjer og direkte frå kontoen din om du ringjer. Enkel og grei måte om du vil gje på blomefondet.

Sparebank 1 Lom og Skjåk sitt nummer:  
61 21 90 00

# Sommarhjelp

Det var ikkje berre lett å få tak i omvisarar til Lomskyrkja denne sommaren. Tidlegare år har vi vore så heldige at dei same ungdommane har kome att fleire år på rad. Denne sesongen er det att berre Lars Bakkom, Jens Gunnar Øygard og Knut Visdal frå i fjor. Lars er pensjonist og bidreg både vår og haust. Han likar å prate med folk, og når det kjem ein buss med tyske turistar går praten lett. Eg trur dei reiser att frå Lomskyrkja med meir kunnskap enn mange av oss. Jens Gunnar har òg vore med nokre år no, og er lett å spørje før sesongen set skikkeleg i gang. Knut startar når skulen sluttar, og med dei tre på laget, kjem dei heilt nye omvisarane til å få mykje god kunnskap dei kan nytte i møte med turistar som kjem frå fjern og nær.

Vi håpar dei nye omvisarane våre vil trivast hjå oss, og kanskje koma att fleire somrar.

Vårin Dagsgard-Marstein  
Sina Holø Husom  
Emil Hanslien Gulbrandsen  
Ragnhild Anne Aamot Kveen  
Susanne Isabella Falck  
Astrid van Dijk

Vi er så heldige at Silje Strøm kjem att som kyrkjegardsarbeidar i sumar.

## Oversikt over diakoni hausten 2022

### Bibelkveldar

Tysdagar kl. 19.30

30. august	19.30	Bibelkveld
27. september	19.30	Bibelkveld
25. oktober	19.30	Bibelkveld
22. november	19.30	Bibelkveld

### Salmekveldar

Tysdagar kl 19.30

20. september	19.30	Salmekveld
18. oktober	19.30	Salmekveld
15. november	19.30	Salmekveld
6. desember	19.30	Salmekveld

## Støtte til kyrkjebladet

Som ei prøveordning, vert det ikkje lagt ved giro med bladet dette året. Men det kostar å lage kyrkjeblad, og vi håpar dykk ynskjer å støtte oss slik at vi kan halde fram med arbeidet.

Bidrag til kyrkjebladet kan betalast til kontonummer 2085 07 11772

Innanbygds: 150,- pr år  
Utanbygds: 200,- pr år

# GUDSTENESTEPLAN

Jf. samarbeid med Skjåk: Dei helgene det ikkje er messe i Lom kyrkjekommune, er det som regel messe i Skjåk kyrkjekommune – og omvendt. Sjå meir informasjon under messeplanen. **Barnedåp let seg gjere på dei fleste messene våre.**

## Sundag 26. juni

GARMO KYRKJE kl. 11:00.

## Sundag 03. juli

BØVERDAL KYRKJE kl. 19:00

## Sundag 10. juli

LOM KYRKJE kl. 19:00. Offer til Frelsesarmeen

## Sundag 24. juli

TESSE kl. 12:00. Utemesse. Ta med stol!

## Torsdag 29. juli Olsokmesse

LOM KYRKJE kl. 18:00. Offer til Kirkens Nødhjelp

## Sundag 07. august

GAMLE GARMO KYRKJEGARD kl. 11:00. Utemesse.  
Ta med stol!

## Sundag 21. august

LOM KYRKJE kl. 11:00. Offer til Sjømannskyrkja

## Sundag 28. august

DALSVATNET kl. 12:00. Utemesse. Ta med stol!

## Laurdag 04. september

LOM KYRKJE kl. 11:00. Offer til kyrkjebladet.

## Sundag 18. september

BØVERDAL KYRKJE kl. 11:00. Konfirmantpresentasjon. Offer til konfirmantarbeidet

## Sundag 18. september

GARMO KYRKJE kl. 19:00. Offer til konfirmantarbeidet.

## Sundag 02. oktober

LOM KYRKJE kl. 11:00. Utdeling av bok til 4-åringane. Offer til Redd Barna.

Atterhald om endringar i gudstenesteplanen: Sjå fast annonse i Fjuken, i kalenderen hjå [www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no), på vår heimeside: <http://www.lom.kommune.no/kyrkja.no> - eller fylg oss på Facebook: Lom Kyrkjekommune.

## Gudstenester utanom kyrkjene i 2022

### Sundag 24. juli

Utemesse ved Tesse kl. 12:00.  
Ta med stol!

### Sundag 07. august

Utemesse på gamle Garmo kyrkjegard kl. 11:00.  
Ta med stol!

### Sundag 28. august


Messe ved presthytta ved Dalsvatnet kl. 12:00.  
Det vert kyrkjekaffe. Ta med stol!




# SOMMARHETSING FRA LOM FRIVILJUGSENTRAL

**Tusen takk til alle saman!**  
 Takk til alle frivillige som gjev av tida si, slik at vi kan ha aktivitetar og arrangement. Takk til alle som nyttar seg av dei ulike tilboda vi har på frivilljugsentralen.  
 Takk til alle gode samarbeidspartnarar!

I juli og fyrste veka i august held Lom frivilljugsentral stengt. Alle er hjarteleg velkomne att i august, om du er frivilljug, nysgjerrig, har ein god ide, eller om du vil vera med på ein aktivitet eller eit arrangement:  
 Smabarnskafé, sosiale treff, strikkegruppe, sirkeltrening, metall-måndag, digital kafé, digivert, med mykje meiri! Kven veit, kanskje dreg vi i gang nokre nye aktivitetar til hausten og? Ta deg ein tur, så finn du det ut. GOD SOMMARI!



Kva skjer på sentralen?  
 Fylg oss på facebook!  
[facebook.com/lomfrivilljugsentral](https://facebook.com/lomfrivilljugsentral)



# Har du gamle bilete liggande?

Kanskje har du ein skuff full av gamle bilete eller nokre album på loftet? Mange av oss har bilete liggande, som knapt nok har vore synt fram. Vi sit på gamle minne, som seier så mykje meir enn tusen ord.

Nå har vi faktisk moglegheita til å få digitalisert desse bileta, og synt dei fram i eit felles digitalt album for Lom. Nettida [www.minnerfalom.no](http://www.minnerfalom.no) vart starta opp av Beate Sandviken og Espen Skjåk våren 2022.

Til nå har dei samla over 200 bilete som gjev oss innblikk i korleis livet og bygda har endra seg gjennom mange år.

I vår har Beate og Espen vore tilgjengelege på Lom friviljugsentral kvar onsdag. I sommar tek dei fri, men er tilgjengelege på e-post: [post@minnerfalom.no](mailto:post@minnerfalom.no) og telefon 911 60 393.

Frå hausten att vil dei vere på plass att på Lom friviljugsentral. Da kan du ta med deg bilete, og ratt få ein kaf-  
flkopp og ein god prat.

Ta helst med deg lause bilete, negativ eller fjosbilde. Har du namn på dei som er på bileta, samt stad og årstal (tår), så skriv det gjerne bak på biletet der det er mogleg. Hugs og å merke med namnet ditt, slik at det kjem fram kven som er eigar. Bileta du leverer får du att etter dei er digitalisert.

Følg med på programmet til Lom friviljugsentral for informasjon om kva tid dei byrjar att.

## Vellukka tilflyttartreff

29. mai arrangerte Lom kommune tilflyttartreff for nye innbyggjarar. Turen skulle eigenleg gå til Galdhøpiggen, men veret var ikkje med oss. Det vart i staden buss opp til Rauberstulen, og fottur til Knippen og vidare ned til Røisheim. Ein fin tur som vi absolutt kan anbefale!



# Lom kommune informerer

Lomsnytt nr.2 2022

## Opningstider servicetorget sommaren 2022

Servicetorget i Lom kommune har opningstid og telefonid kl. 10:00-14:00 måndag-fredag.

## Ledige stillingar

Ynskjer du å jobbe i Lom kommune?

Du finn oversikt over ledige stillingar på [www.lom.kommune.no/ledige-stillingar](http://www.lom.kommune.no/ledige-stillingar)

## Planar til høyring

- Kommuneplanens arealdel
- Kommuneplanens samfunnsdel
- Reguleringsplan for Stupulvegen

Sjå [www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no). Utskrifter av planane finn du i servicetorget og på Lom folkebibliotek.

## Korleis skal Fossbergom sjå ut i framtida?

Nordplan AS fekk i oppdrag å gjennomføre ei overordna moglegheitsstudie for Fossbergom (Lom sentrum). Denne skal i grove trekk vise potensielle tiltak og forbetringar for sentrum, på både kort og lang sikt.

Tidleg i prosessen vart det gjennomført ei runde med medverknad, der ein har bede om innspel frå folk i Lom. Både privatpersonar, lag/organisasjonar og næringsliv. Det var spesielt bede om innspel på følgjande tema:

- Parkeringsstruktur og tilrettelegging for el-bil
- Utvikling av møteplassar og torg
- Fortettingspotensiale og utviklingsmoglegheiter
- Tilrettelegging for friluftskativitetar knytt til sentrum

Det kom inn ei rekke gode innspel. Ikkje alle er innarbeida i forslaget frå Nordplan AS, men alle innspel er lese, gjennomgått og vurdert.

Moglegheitsstudien er nå ferdig, og kan lesast under Aktuelt på [www.lom.kommune.no](http://www.lom.kommune.no). Vi presiserer at dette berre er ein moglegheitsstudie og ikkje ein vedteke plan.

Samfunnsutvalet fekk overlevert moglegheitsstudien 20. juni, og har gjeve administrasjonen mynde til å sette i gang ein prosess for medverknad, og til å foreslå konkrete tiltak for gjennomføring i budsjet- og økonomiplan 2023-2026. Det vil bli lagt til rette for at involverte partar kan kome med sine synspunkt og meiningar før noko blir iverksatt.



Telefon: 61 21 73 00  
 post@lom.kommune.no  
 lom.kommune.no



Lom kommune  
 Sognefjellsvegen 6  
 2686 Lom  
 Telefon: 61 21 73 00

# Lomsnytt

Informasjon frå Lom kommune - nr. 2 2022

